



**Sogn og Fjordane  
fylkeskommune**



**Hordaland  
fylkeskommune**



**Rogaland  
fylkeskommune**

**Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo**

**Dato: 15.03.2016**

## **REGIONREFORMA:**

### **STATUS OG FORVENTNINGAR FRÅ SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND**

#### **1. Innleiing**

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» vart fylkeskommunane 02.07.15 inviterte til å vurdere om det er aktuelt å slå seg saman med nabofylke. I invitasjonen frå KMD er det presisert at eit fleirtal i Kommunal- og forvaltningskomiteen støttar regjeringa sitt framlegg om at det regionale folkevalde nivået skal utviklast gjennom oppgåver og ansvar som både styrkar rolla som samfunnsutviklar og rolla som tenesteproducent. Komiteen støttar også at ev. nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået føreset færre fylkeskommunar/regionar. Fylkeskommunane er oppmoda om å gjere vedtak om ev. strukturendringar seinast hausten 2016.

Statsråden har varsla at ei stortingsmelding knytt til regionalt folkevalt nivå og fordeling av oppgåver vil bli lagt fram i april i år. Meldinga vil gje grunnlag for behandling både i fylkeskommunane, i kommunalkomiteen og i Stortinget som heile. Saka om kommune- og regionreform skal slutt-handsamast i Stortinget vårsesjonen 2017.

#### **2. Drøftingar mellom tre fylkeskommunar i gang**

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar vil no orientere KMD om at dei tre fylkeskommunane har innleia drøftingar for å sjå på mulegheiter og utfordringar ved ei ev. samanslåing. Vi vil også orientere om status i kvart fylke.

Eit ledd i drøftingane er at vi har initiert eit utgreiingsarbeid som grunnlag for ein ev. vidare politisk prosess fram mot ein intensjonsavtale. Målet er at arbeidet skal vere avslutta innan 01.07.16.

Vi vil alt no varsle at vi vil stille tydelege krav om overføring av nye, tunge samfunnsoppgåver for at ei regionreform skal ha noko føre seg. Vi set som vilkår at Stortinget vedtek ei reform der det regionale folkevalde nivået får eit betydeleg ansvar for både utviklingsorienterte oppgåver og oppgåver innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.

I tilknytning til Stortinget si handsaming av regionreforma, vil fylkeskommunane våre spele inn framlegg til overføring av konkrete oppgåver og ansvarsområde.

### 3. Viktige prinsipp for vestlandsfylka

Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar legg generalistprinsippet til grunn for regionreforma. Alle fylkeskommunar/regionar bør, uavhengig av innbyggartal, busetnadsstruktur og demografiske forhold, imøtekomme same krav til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, rolla som myndigheitsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar. Regionreforma bør såleis gje dei same rammene for organisering og styring over heile landet. Einskapleg oppgåvefordeling medverkar til eit likeverdig lokalt sjølvstyre, og samstundes til ei oversiktleg offentlig forvaltning for innbyggjarane – ein premiss for demokratiet. Dette bidreg også til mindre sektorisering og færre gråsoner samanlikna med eit meir differensiert ansvarssystem.

Fylkesordførarane meiner at regionreforma må vere ei demokrati- og desentraliseringsreform. Eit viktig prinsipp er at ein gjennom reforma flyttar makt og ansvar til større regionar, som gjennom dette vert meir handlekraftige og sjølvstendige i høve samfunnsutviklinga. Målet er eit lokal- og regionaldemokrati som kan ivareta velferd og sikre utvikling, verdiskaping og trivsel for heile regionen basert på lokal og regional kunnskap.

### 4. Regionreforma – status i tre fylkeskommunar per 11.03.2016

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama 09.12.15 si sak og gjorde då slikt vedtak:

1. *Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.*
2. *Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.*
3. *Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløyving at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.*
4. *Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.*
5. *Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.*

Fylkestinget i Hordaland handsama 09.03.16 ei tilsvarande sak og gjorde slikt vedtak:

1. *Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av moglege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget. Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.*
2. *Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteproducent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.*
3. *Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;*

*Forhandlingsutval:*

*Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) Vara: Sveinung Valle (A)*

*Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) Vara: Benthe Bondhus (Sp)*

*Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) Vara: Mona R. Strømme (H)*

*Fylkesrådmann Rune Haugsdal Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal*

*Hovudtillitsvald: ..... Vara: .....*

*Politisk styringsgruppe:*

*Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.*

Fylkestinget i Rogaland handsama 01.03.16 ei tilsvarande sak, og gjorde for sin del slikt vedtak:

1. *Rogaland fylkeskommune er positiv til innledende nabopratt med Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland) og Agderfylkene med mål om å forhandle fram en intensjonsavtale for en utvidet region.*
2. *Under følgende forutsetninger innledes det forhandlinger med sikte på utvidet formalisert samarbeid eller etablering av nye regioner:*
  - a. *Stortinget i juni 2016 delegerer oppgaver til det regionale nivået med et omfang og en karakter som er på nivå med det fylkestinget vedtok i februar 2015.*
  - b. *At nye oppgaver blir knyttet opp mot rollene som samfunnsutvikler og tjenesteproducent.*
  - c. *Dagens grenser til fylkeskommunene ikke er førende eller begrensende for nye regioner.*
  - d. *Statlig inndeling følger den nye regionale inndelingen.*
3. *Uavhengig av Stortingets vedtak i juni 2016 gjennomføres det våren/sommeren 2016 et utredningsarbeid av mulige samarbeidskonstellasjoner mellom de nevnte fylkeskommuner. En slik utredning må også ta opp i seg en sammenlignende vurdering av dagens oppgaveportefølje og geografiske inndeling.*
4. *Fylkesutvalget holdes løpende orientert om dialogen mellom fylkeskommunene. Intensjonsavtalen skal godkjennes av fylkestinget.*

## **5. Dagens fylkeskommunale oppgaver**

Fylkesordførarane vil framheve dei sentrale funksjonane som bør vere i sentrum når framtidig rolle og oppgaveportefølje skal fastsetjast for det regionale nivået. Vi bør også i framtida ivareta rollene som tenesteytar, forvaltningsorgan, regional utviklingsaktør og direkte folkevalt organ. I dette biletet bør dagens fylkeskommunale kjerneoppgåver førast vidare med den demokratiske meirverdien eit direkte folkevalt regionalt organ tilfører tenesteområda:

- a) Vidaregåande opplæring
- b) Samferdsle (veg- og kollektivtrafikktilbodet)
- c) Kultur
- d) Regional utvikling og planlegging
- e) Næringsutvikling.

Fylkesordførarane meiner særleg vidaregåande opplæring og samferdsle utgjer to omfattande samfunnsoppgåver som begge er for krevjande for kommunane å handtere. Oppgåvene krev ei spesialisert regional koordinering og leiing, og vil samstundes vere for detaljerte og arbeidskrevjande å styre direkte frå statleg nivå. Dette synet samsvarer med Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», der Stortinget slo fast at det regionale folkevalde nivået framleis bør ha hand om desse oppgåvene.

Tre andre viktige samfunnsoppgåver, som også no er i spel gjennom kommune- og regionreforma, er styringa av Innovasjon Noreg, ansvaret for offentleg tannhelseteneste og fagskuleutdanningane. Fylkesordførarane vurderer grepa som er føreslegne for desse fagområda til ikkje å vere i tråd med ei reell demokrati- og desentraliseringsreform på regionalt nivå.

## **6. Oppgåveforventningar – tunge samfunnsoppgåver som reformpremiss**

Utgreiinga vi no førebur vil utgjere eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for ein ev. vidare politisk prosess fram mot ein mogleg intensjonsavtale. Dei tre fylkeskommunane set som vilkår for å gå vidare med planane at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit betydeleg ansvar for både utviklingsoppgåver og tenesteyting.

Gjennom utgreiinga er dei tre fylkeskommunane innstilte på å setje eit målretta søkjelys på oppgåveløysingar overfor innbyggjarane og ei ønskt samfunnsutvikling for Vestlandet.

Fylkeskommunane er tenesteproducentar og samfunnsutviklarar. Kjernen i fylkeskommunen sitt ansvar er å ivareta tenesteproduksjonen og skape ei heilskapleg og ønska samfunnsutvikling for lokalmiljø og regionar. Ulike deler av landet og ulike fylke har egne, unike føresetnader, behov, ønske og prioriteringar. Dette krev ein politikk tilpassa dei lokale og regionale forholda. Både

regionalt utviklingsarbeid og regional tenesteproduksjon handlar om å sjå koplingar mellom sektorar og å utvikle strategiar for å fremje den tenesteytinga og den samfunnsutviklinga vi ønskjer. Som politisk organ skal fylkeskommunen forme ein heilskapleg politikk for eit geografisk område. Ein Vestlandsregion vil på same måten ha ambisjonar om å utvikle og forme Vestlandet som region, og vil samstundes tilpasse seg og samordne nasjonal politikk.

I Noreg er det behov for eit sterkt regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta ein leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning. Det regionale nivået må difor få eit klart definert ansvar for dei oppgåvene og sektorane som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd. Vi vil difor alt no varsle at vi forventar at ein Vestlandsregion m.a. får tilført oppgåver og ansvar innanfor følgjande område:

- a) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar.
- b) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet.
- c) Kjøp av regionale jernbanetenester.
- d) Deler av Noregs forskingsråd sine programområde.
- e) Konesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning.
- f) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane.
- g) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn.
- h) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) sine regionale funksjonar.

I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane.

Vi meiner vidare at det tener den norske forvaltningsmodellen at staten i større grad organiserer si verksemd slik at ho korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som vert etablert. Vi meiner det også bør greiast nærare ut i kva grad ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane.

Vi kjem attende med supplerande synspunkt og forventningar knytt til framtidig oppgåveportefølje for dei nye regionane før Stortinget vil handsame den komande stortingsmeldinga om regionreforma.

Med helsing

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign)

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordfører  
Hordaland  
(sign)

Solveig Ege Tengedal  
Fylkesordfører  
Rogaland  
(sign)

Mottakar(ar):

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kopi til:

Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité